



# Vekt og alderregistrering hjort i Luster 2006

## Vekt og alderregistrering hjort

Tenner til 154 av 293 voksne dyr felt under jakta vart levert og hadde økt kvalitet som kunne brukast til alderregistrering av dyra. Dette var 52 % av felte voksne dyr, og kanskje det ein kunne forvente sidan ein ikkje er vant med å registrere slaktevekt og å trekke ut tenner.

Statistikken er likevel svært interessant og viktig for å undersøke korleis stoda til hjortestamma er. Alderen til dei einstilte dyra i kvart vald er presentert i eige dokument.

### I heftet vert det presentert:

Vekt for ulike alder av hanndyr


Vekt for ulike alder av hanndyr

Tal gevirtaggar vs alder på hanndyr

Aldersfordelinga til voksne hann og hodyr


Snittalder for dyr skote som voksne

### Vekt vs alder for hanndyr i Luster



Ein ser at vektene går oppover til 6,5 års alder. Deretter er det knapt dyr att i bestanden slik at ein trygt kan seie at bukkane i Luster vert skote før dei vert svære. Snittvektene til hjorten i Luster er mykje lik snittvektene til hjort på landsbasis. I fylgje forskarane E. Meisingseth og R. Langvatn verkar vektutviklinga til bukkar å flate ut ved 7-8 års alder. Vårt problem er at svært få dyr når denne alderen.

### Førekomsten av ulike årgangar hanndyr i Luster




Fordelinga i diagrammet tilsvarer nok aldersfordelinga i bestanden, kanskje med overrepresentasjon av dei eldste dyra sidan dei største ofte vert plukka ut i jakta.


Ein ser dermed at bestanden består av unge dyr som vert skote ut før dei vert store.

## Gevir vs alder for eldre hanndyr i Luster

Som for slaktevektene verkar våre registreringar å vere i samsvar med hjorten elles i landet. Den største overaskinga var ein 2,5 år gammal hjort med heile 11 taggar.




## Vekt vs alder for hodyr i Luster




Som for hannane samsvarar slaktevektane for hodyr godt med landssnittet. Ein ser at vektene snøgt når rundt 60 kg og deretter verkar vektene å vere relativt stabile. Rekorden var ei kolle på 90 kg og denne var 6,5 år.

## Førekomsten av eldre hodyr i Luster



Det er også ein høg avskyting av hodyr, men uttaket er nok meir tilfeldig fordelt på dei ulike alderstrinna slik at ein ikkje får den brå nedgangen i førekomsten av eldre dyr, som for hannane. Ein ser at det førekjem hodyr heilt opp i 18,5 år, medan den eldste bukken var 10,5 år.


## Aldersamansettinga i kommunen



## Aldersnittet til skotne vaksne dyr


Snittalderen til felte vaksne dyr er 3,49 for bukkane og 4,88 år for kollene. Det vil seie at snittbukken vert felt som 3,5 åring og snittkolla ved 4,88 år.

Sidan det i tillegg vert teke ut meir eldre hanndyr enn hodyr er det naturleg at det skei-ve uttaket gjev mykje større konsekvens for bestanden av hanndyr enn hodyr.



## Vektutvikling 2004 – 2006

Under syner figuren vektene kvart år sidan me byrja å registrere slaktevektene jakta 2004. Kalvevektene er stabile medan det var ein liten nedgang for 1,5 år gamle dyr i 2006. Dette skuldast nok at det var meir nøyaktig aldersregistrering i 2006. I 2004 og 2005 var det truleg nokre små eldre dyr som vart registrert som 1,5 åringar



Har de spørsmål eller kommentar til statistikken set eg pris på om de tek kontakt med meg anten på tlf 57685582 eller e – post [christian.hillmann@luster.kommune.no](mailto:christian.hillmann@luster.kommune.no)

Med helsing

Christian Hillmann

Naturforvaltar